

BEREDSKAPSPLAN

EIDE BRANDASUND AS

Adresse:	Brandasundvegen 359, 5423 Brandasund
Posisjon:	59 grader 53,72 minutter nord 5 grader 6,12 minutter øst

BRANN: 110 POLITI: 112 AMBULANSE: 113

Når alarmen går skal alle personar på anlegget gå til samlingsplassen.

Mobilisering av industrivernet vurderast. Innsatsleder varslar eventuelt medlemmer av industrivernet.

Ved større hendelser skal innsatsleder varsle leder av redningsstab.

Leder av redningsstab sørger for videre varsling til aktuelle medlemmer av redningsstab via telefon.

Beredskapsplan Eide Brandasund AS

Føremål	4
Målgruppe	4
Ansvar og myndighet	4
Varslingsinstruks	5
Definisjonar/krav	6
Ansvarsnivå for beredskap	8
Første linje – utførande personell (rømming) / industrivern (personskade, brann, utslepp)	8
Andre linje – operasjonell støtte	9
Tredje linje – Redningsstab	9
Gjennomføring	10
Varslingsplan	10
Eksemplar på hendingar som skal varslast til forskjellige nivå	10
Beredskap ved personskade	11
Tiltak første linje	11
Tiltak andre linje	11
Beredskap ved rømming / mistanke om rømming av fisk	12
Tiltak Første linje	12
Tiltak andre linje	12
Beredskap ved akutt forureining / utslepp til ytre miljø:	14
Tiltak Første linje	14
Tiltak andre linje	14
Beredskap ved skadelege algar og maneter (massedød)	15
Tiltak Første linje	15
Tiltak andre linje	15
Beredskap ved brann	16
Tiltak Første linje	16
Tiltak andre linje	16
Aksjonsplanar for interne hendingar	17
TILTAISKORT FOR PERSONSKADE	17
TILTAISKORT FOR BRANN	21
TILTAISKORT FOR FALL PÅ SJØEN	22
TILTAISKORT FOR ELEKTRISK STØT	23
TILTAISKORT FOR PERSON I LUKKET ROM/TANK	24

Beredskapsplan Eide Brandasund AS

TILTAKSKORT FOR UTSLIPP TIL YTRE MILJØ.....	25
Innsatspersonells ansvar- og oppgavefordeling.....	26
SANITET.....	27
HJELPEMANNSKAP.....	27
ORDEN & SIKRING.....	28
TEKNISK STØTTE.....	29
Varslingsliste for eksterne aktører.....	32
GJENNOMFØRING AV FØRSTEMØTE.....	33
TILGJENGELIG BEREDSKAPSUTSTYR.....	34
LOGG FOR PÅRØRENDE.....	36
HUSKELISTE FOR MEDIEHÅNDTERING OG PRESSEMELDING.....	37
Demobilisering, evaluering og gransking.....	39
Om beredskapsplanen.....	42
Beredskapsøvelser.....	42
Oversiktskart.....	43
Tilvisingar og referansar.....	44

Beredskapsplan Eide Brandasund AS

Føremål

Føremålet med denne prosedyren er å beskrive Eide Brandasund AS sin beredskap ved uønskt hendingar.

Denne prosedyren omhandlar beredskapsplanar innafor helse, miljø, tryggleik, rømming /mistanke om rømming, akutt forureining/utslepp, fiskevelferd (algar og maneter), brann.

Dette dokumentet gjeld for slakteriet Eide Brandasund AS.

Målgruppe

Prosedyren gjeld for alle tilsette og innleigde i Eide Brandasund AS

Ansvar og myndigheit

Kvalitetsleiar er ansvarleg for at prosedyren er oppdatert. Prosedyren skal reviderast ved behov.

Produksjonsleiar er ansvarlege for å informere alle tilsette om prosedyren.

Alle tilsette er ansvarlege for å følge prosedyren.

Varslingsinstruks

Hending	Varsling og mobilisering	Handtering	Normalisering
 Personskade	Varsle lokalt ved å rope eller ringe på lokalt industrivern Varsle AMK. Ring 113 (ved behov) - Hvor du er - Hva som har skjedd - Hvem du er Vurder varsling av brannvesen dersom personen ikke er lett tilgjengelig (eks. tank, lukket rom, etc.) Ring 110	Ivareta alltid egen sikkerhet! Iverksett førstehjelp.	Rapporter til nærmaste leder.
 Brann Eksplosjon	Varsle lokalt ved å rope og aktivere manuell melder. Varsle brannvesen. Ring 110. - Hvor du er - Hva som har skjedd - Hvem du er Husk å opplyse om eventuelle personskadar	Ivareta alltid egen sikkerhet! Hjelp eventuelle tilskadekomne. Forsøk å slokke. Evakuer til møteplassen.	Rapporter til nærmaste leder.
 Utslepp Forureining	Varsle lokalt ved å rope (om aktuelt) eller ringe lokalt industrivern Varsle brannvesen. Ring 110.	Ivareta alltid egen sikkerhet! Vurder faremomenter ved stoffet. Om mogleg, stans utsleppet	Rapporter til nærmaste leder.



Brann: 110 Politi: 112 Ambulanse: 113
 Giftinformasjonssentralen: 22 59 13 00

Definisjonar/krav

Varsling: alle meldingspliktige skader skal varslast til Arbeidstilsynet.

Alvorleg skade – HMS (Arbeidstilsynet)

Med "alvorleg skade" meiner vi ein skade som gjer arbeidstakaren arbeidsudyktig for alltid eller i lengre tid. Viser det seg på eit seinare tidspunkt at skaden er meir alvorleg enn ein først trudde skal arbeidsgjevar, så snart som mogleg sende melding til Arbeidstilsynet (dersom skaden ikkje er meldt tidlegare).

Arbeidstilsynet har sett opp ni punkt som karakteriserer omgrepet "alvorleg skade":

- Hovudskade/hjerneristing med tap av medvitet og/eller andre alvorlege konsekvensar
- Skjelettskade (unnateke enkle brestar eller brot på fingrar eller tær)
- Indre skadar (skadar på indre organ som lunger, nyrer, milt osv.)
- Tap av kroppsdel (amputasjon av lekamdel eller delar av slike)
- Forgifting (med fare for varige helseskader), for eksempel hydrogensulfidforgifting
- Medvitstap på grunn av arbeidsmiljøfaktorar som oksygenmangel
- Forbrenning, frostskade eller etseskade (alle fullhudsskadar (3.grad) og/eller delhudsskadar (2.grad) i ansiktet, på hender, føter eller i anogenitalområdet, og dessutan alle delhudsskadar større enn 5 % av kroppsoverflata
- Generell nedkjøling (hypotermi)
- Skade som krev sjukehusbehandling, unnateke enklare poliklinisk behandling

Desse ni punkta er til hjelp for å vurdere om skaden er av ein slik karakter at han skal meldast til arbeidstilsynet.

Rømming / mistanke om rømming av fisk

Kva kan føre til rømming?

Rømming kan vere forårsaka av

- Skade på not/anlegg/fortøyningar forårsaka av dårlege vêrforhold.
- Skade på not forårsaka av drivgods i sjø.
- Skade på not/anlegg forårsaka av drivis.
- Skade på not/anlegg i samband med bruk av båt til og frå anlegg.
- Skade på not i samband med arbeidsoperasjonar (inn- og utpumping av ventemerd)
- Skade på not på grunn av predatorar (pigghå er mest aktuelt, mogleg med sel og oter)
- Skade på not i samband med montering og bruk av dødfiskoppsamlarar.
- Skade på not forårsaka av utstyr montert i not (kamera mm.)
- Skade på not i samband med brann i tekniske installasjonar
- Manglande ettersyn / vedlikehald
- Prosedyrar ikkje følgt ved arbeidsoperasjonar

Korleis oppdage ei rømming?

Rømming kan oppdagast ved observasjon av hol/maskebrot stort nok til at fisk kan rømme. Dette kan oppdagast på mange forskjellige måtar:


- Inspeksjon av merd/merdanlegg
- Dykkarkontroll
- Observasjon via kamera
- Observasjon via merdkant, eventuelt ved fjerning av drivgods
- Observasjon av framand fisk inne i produksjonseining/merd
- Observasjon av rømt fisk i sjøen utanfor anlegg/produksjonseining/merd
- Rapport om fangst av oppdrettsfisk
- Uhell under arbeidsoperasjonar
- Skadar på installasjonar

Blir det observert noko som tilseier mistanke om rømming eller faktisk rømming skal dette straks varslast om. Mistanken må være reell. Observerer ein hol i not må ein først og fremst vurdere storleiken og forma på hølet opp mot minste storleik fisk i nota. Tilseier hølet i notposen at røming kan ha funne stad, skal akutte tiltak straks setjast i verk, det skal varslast og dykkar tilkallast.

Er det teoretisk mistanke om rømming utifrå fisken som står i nota, må ein i tillegg til å vurdere storleik og form på hølet opp mot minste storleik fisk i nota også vurdere kvar i notposen hølet er plassert. Er det utført arbeidsoperasjonar som har omfatta trenging av fisk i nota vil dette være med på å auke risikoen for rømming. Vær og straumforhold må vurderast, i tillegg til tidsaspektet m.o.t førre inspeksjon og dykkarkontroll av nota. Ein må også vurdere om det har vore andre forhold som kan ha hatt innverknad m.o.t rømming av fisk, eller direkte observasjon av rømt fisk utanfor not, eller framand fisk i not.

Dykkar skal straks tilkallast for inspeksjon av nota og rapportering om mogleg skadepotensiale. Er det mistanke om at rømming kan ha funne stad, skal dette straks varslast vidare.

Ansvarsnivå for beredskap



Første linje – utførende personell (rømming) / industrivern (personskade, brann, utslepp)

- Har ansvar for å varsle og handtere hendinga på skadestaden med dei midlar som er tilgjengeleg. Dette må skje utan at dei tilsette set sitt eige eller andre sitt liv eller helse i fare.
- Produksjonsleiar er ansvarleg for at utførende personell har rett kompetanse.
- Kvalitetsleiar er ansvarleg for verksemda sitt industrivern.
- Hendingar kategoriserte som personskade, brann eller utslepp til ytre miljø skal handterast av verksemda sitt industrivern.
- Hendingar kategorisert som rømming av fisk eller mistanke om rømming av fisk skal handterast i rapporteringslinja.
- Loggføring av hendinga.

Medlem	Roller og ansvar
Industrivernleiar	
Innsatsleiar	
Industrivernsmannskap	
Produksjonsleiar (rømmingshendingar)	Beredskapsleiar - Tiltak for å bygrensa skaden - Sikre at nødvendige beredskapsavtalar vert iverksett

Beredskapsplan Eide Brandasund AS

Andre linje – operasjonell støtte

- Øvrig personell skal støtta første linje med ytterlegare ressursar og tiltak.
- Ansvar for lovpålagt varslings.
- Loggføring av operasjon/hendinga
- Evaluering hendingsforløp og innsamling av informasjon.

Medlem	Roller og ansvar
Dagleg leiar	- Varsle Fiskeridirektoratet ved rømningshendingar/mistanke om rømningshendingar
Produksjonsleiar	Beredskapsleiar - Leie beredskapsmøter - Sikre at nødvendige beredskapsavtalar vert iverksett - Kvalitetssikre arbeidet som blir gjort ute på lokalitet.
Kvalitetsleiar	- Sikre at rutinar, lover og forskrifter følges - Loggføre hendinga. Sikre at innsamling av data vert gjort. - Skrive møtereferat frå møte.

Basert på hendinga sin natur kan det være fornuftig å kalle inn andre ressursar som veterinær, teknisk personell osv.

Tredje linje – Redningsstab

- Dagleg leiar skal alltid informerast om hendingar som angår selskapet.
- Dersom dagleg leiar ynskjer ytterlegare støtte kallar han inn ressursar etter behov.
- Redningsstab -

Medlem	Roller og ansvar
Dagleg leiar	- Ansvarleg for å sette redningsstab
HR	- Kontakt med pårørande
Samfunnskontakt	- Bistå i kontakt med myndigheiter - Handtere all kontakt med media

Gjennomføring

Varslingsplan

Dei som oppdager hendinga, må varsle og arbeida for å redusere skadeomfanget etter beste evne utan å sette sitt eige eller andre sitt liv og helse i fare.

Kven	Varslar
Personen som oppdagar ei hending	Teamleiar eller annan tilgjengeleg leiar
Teamleiar eller annan tilgjengeleg leiar	Produksjonsleiar
Produksjonsleiar	Dagleg leiar og andre etter behov

Eksemplar på hendingar som skal varslast til forskjellige nivå

Varslingsnivå	Hendingar	Varslingsmetode
Teamleiarar	Mindre personskade – løysast med lokal førstehjelp.	Registrerast som avvik i Landax
	Utslepp til ytre miljø utan potensiale for vesentleg miljøskade.	
Produksjonsleiar/ teknisk leiar	Personskade – person(er) sendt til medisinsk undersøking	Telefon / utan opphald
	Varsel om ekstremvær	
	Mistanke om rømming av fisk	
Dagleg leiar	Livstruande personskadar / dødsfall	Telefon / utan opphald
	Sakna personar / havari av båtar, utstyr	
	Massedød i anlegg	
	Omfattande utslepp til ytre miljø / miljøskade	
	Vedvarande driftsstans	
	Branntilløp / brann / gasslekkasje / eksplosjon	
	Ytre truslar / sabotasje av anlegg	
	Rømming / mistanke om rømming	

Beredskap ved personskade

Tiltak første linje	
	Aksjonar
Observere	Få oversikt over situasjonane. Kva er årsak til skade? Kva kan gjerast?
Førstehjelp	• Ved Hjartestans start HLR (Hjarte og Lunge Redning): ○ 30 kompresjonar etterfylgt av 2 innblåsingar. ○ Benytt hjartestartar dersom det er tilgjengeleg. ○ Ved mistanke om drukning skal ein starta med 5 innblåsingar • Sjekk frie luftveier. • Stans større blødingar. • Stabilt sideleie. • Unngå at pasienten fryser • Stabiliser beinbrot
Varsle	Varsle nødetatar Brann 110 , Politi 112 , Ambulanse 113
Sikre området	Sørg for at området blir sikra best mogleg. Deleger om mogleg til andre for å gjennomføre dette.
Varsle internt	Varsle internt i Eide Brandasund AS – produksjonsleiar eller kvalitetsleiar
Oppsyn	Anlegget skal ikkje forlatast utan å ha avklart dette med overordna.

Tiltak andre linje	
	Aksjonar
Kontroller	Kontroller at dei som handterer situasjonen har kontroll.
Iverksette assistanse	Vurdere behov for å iverksette ytterlegare intern eller ekstern assistanse til skadestad. Avløysar må tilkallast ved vedvarande kritiske situasjonar.
Varsle myndigheiter	Sikre at alle nødetatar er varsla. Alvorlege personskadar skal varslast til Arbeidstilsynet og Politi. Arbeidstilsynet varslast på tlf.: 815 48 222. Arbeidstilsynet skal i tillegg ha ei skriftleg melding om hendinga. Verneombod skal også ha kopi av denne. Brann skal varslast til brannvesen, også dersom brannen er sløkt ved hjelp av eigne ressursar.
Varsle dagleg leiar	Varsle dagleg leiar og informere om situasjonen, potensielle konsekvensar samt dei tiltak som er sette i verk. Be om assistanse til handtering ved behov.
Loggføring / rapportering	Loggfør alle observasjonar, tiltak, statusmøter, kven som er varsla. Hendinga skal rapporterast og følgast opp som et avvik i Landax.
Oppfølging av tilsette	Iverksette oppfølging med samtaleterapeut eller psykolog for tilsette som har opplevd alvorlege ulykker / krisesituasjonar.

Beredskap ved rømming / mistanke om rømming av fisk

Tiltak Første linje	
	Aksjonar
Varsle	Produksjonsleiar eller kvalitetsleiar skal varslast – det er produksjonsleiar som varslar vidare til leing og fiskeridirektoratet. Frå hendinga startar skal Fiskeridirektoratet ha beskjed innan maksimum 2 timer – det er derfor viktig at varsling til produksjonssjef skjer så fort som mogleg.
Tette / heve hol	Skade på nota skal syast dersom mogleg. Skaden kan også dekkast til, eller hevast over vassoverflata.
Oppstart gjenfangst-fiske	Oppstart av gjenfangstfiske skal starte med ein gong. Finn fram gjenfangstgarn og sett disse på utsida av merden nært skadestad og i samsvar med «Plan for gjenfangst av rømt fisk» snarast mogleg. Ut i frå vurdert skadeomfang (tal på mogleg rømt fisk) skal det takast i bruk tilstrekkeleg mengde egna utstyr for gjenfangst, samt nytte utstyret optimalt ut i frå de naturgitte forhold som føreligger. Eide Brandasund AS har garnkasse ståande på flåte nær merdanlegget.
Oppsyn	Anlegget skal ikkje forlatast utan å ha avklart dette med overordna.

Tiltak andre linje	
	Aksjonar
Kvalitetssikre lokalitetens handtering	Sjekk om tiltak for å redusere rømming er iverksett. Sjekk at dykkar / ROV er bestilt og på veg.
Varsle	Varsle Fiskeridirektoratet ved å sende inn skjema på min side: https://sikker.fiskeridir.no/minside/ Varsling SKAL skje innan maksimum 2 timer Om denne tenesta ikkje fungerer kan ein også ringe Fiskeridirektoratets døgnopne vakttelefon: 55 23 83 36 Både rømming og mistanke om rømming skal varslast. Mistanke om rømming kan være, men ikkje avgrensa til: • Skade på not av størrelse som gjer at fisk kjem seg ut. • Det fangast eller observerast oppdrettsfisk i nærheitene av anlegget (uavhengig av kor den kjem frå) Dersom vi får inn meldingar om fanga oppdrettsfisk i våre nærområde er vi pliktige til å varsle myndighetene om mistanke om rømming samt iverksette tiltak.

Tiltak andre linje				
	Aksjonar			
	Dersom fisken inneheld legemiddel, og tilbakehaldingstida ikkje er gått ut skal Mattilsynet varslast med ein gong. Publikum skal varslast i samråd med Mattilsynet.			
Tilkalle hjelp	Vurder saman med Fiskeridirektoratet og tilkall hjelp til garnsetting eller anna assistanse frå andre aktørar i området. Eide Brandasund har egen avtale med:			
	Navn	E-post	Område	
	Andre aktuelle yrkesfiskarar som kan kontaktast			
	Navn	E-post	Område	
Dialog med myndigheiter	- Dersom anlegget er havarert eller har forflyttet seg og kan komme i konflikt med skipstrafikk: varsle Kystverkets vaktssentral (NAVCO). - Dersom fisken er sjuk, det forelegg mistanke om sjukdom, eller fisken er under medisinerings skal Mattilsynet varslas. I tilfelle der det ikkje er tilrådd for folk å ete fisken (innafor medisinsk tilbakehaldingstid) skal fiskarar og publikum varslas via media. Slik varsling skal skje i samråd med Mattilsynet. - Oppstart gjenfangst meldast til Fiskeridirektoratets regionskontor og Fylkesmannens miljøvernabdeling. - Oppfølging Fiskeridirektoratet med evt. endringsmelding på skjema 1 (for eksempel løypande innrapportering av gjenfangst). - Levering av skjema 2 til Fiskeridirektoratet skal skje etter 1 veke, når omfang og årsak er avklart. Ha god dialog med Fiskeridirektoratet om dette. - Avslutning av gjenfangst skal avklarast i samråd med Fiskeridirektoratets regionskontor og Fylkesmannens miljøvernabdeling.			
	Mottak av egen fisk	Ved gjenfangst av rømt fisk er me pliktige til å ta imot denne fisken for registrering og ensilering. Andre linje må assistere første linje med å sette opp mottak av fisk slik at dette blir organisert på ein god måte.		
	Varsle eksterne	Naboanlegg varslas og bes vurderer å sette egne gjenfangstgarn		
	Loggføring / rapportering	Loggfør alle observasjonar, tiltak, statusmøter, kven som er varsla osv. Dette skal førast som avvik i Landax og dokumenterast der.		

Beredskap ved akutt forureining / utslepp til ytre miljø:

Ved oppdaga forureining / utslepp skal følgande varslingsrutine straks følgast:

Tiltak Første linje	
	Aksjonar
Stoppe operasjonen	Operasjonen som har ført til utslepp må stoppast med ein gong for å forhindre ytterlegare utslepp. Dette kan være nødstopp på pumper osv.
Iverksette skadebegrensande tiltak	Legge ut absorbenter ved behov. Bruk av lensepumper osv. Dette arbeidet skal gjennomførast utan å setje liv eller helse på spel.
Sikre verdiar	Tette lekkasjar / overføre eventuelle kjemikaliar til en tett tank. Fjerne verdiar som er truga av forureining.
Varsle	Varsle nødetatar avhengig av kor alvorleg hendinga er. Brann 110
Varsle	Varsle produksjonsleiar.

Tiltak andre linje	
	Aksjonar
Kvalitetssikre førstelinje handtering.	Verifiser at tilstrekkelege tiltak er iverksett og nødetatar er varsla.
Vurdere bemanning / tilkalle personell	Vurder behov for ekstra ressursar for å handtere situasjonen. Kalle inn ekstra ressursar ved behov.
Dialog med myndigheiter	Varsle Statsforvaltaren via e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no). Oppfølging av myndigheiter i etterkant av hending.
Varsle eksterne partar	Dersom det er fare for at utslepp/ forureining kan komme til å skade naboanlegg skal desse varslast.
Varsle dagleg leiar	Utslepp definert som beredskapshendingar skal straks varslast til dagleg leiar
Loggføring / Rapportering	Loggføre alle observasjonar, tiltak, statusmøter, kven som er varsla.

Beredskap ved skadelege algar og maneter (massedød)

Tiltak Første linje		
	Aksjonar	Ansvarleg
Varsle ved massedød.	Ved massedød skal produksjonsleiar varslast utan unødig opphald.	Tilsett på ventemerd
Strakstiltak	Strakstiltak avklarast med veterinær og produksjonsleiar. Typiske tiltak ved varsla store, alvorlege alge-/manetforekomstar kan vere: - Tilførsel av oksygen - Nødslakt (endring i slakteplan)	Tilsett på ventemerd

Tiltak andre linje		
	Aksjonar	Ansvarleg
Vurdere ressursar	Produksjonsleiar vurderer behov for å tilkalle fleire ressursar	Produksjonsleiar
Avklare kva som har skjedd	• Kva har skjedd – bakgrunn og hending • Årsak til hending. • Kva er potensialet i omfanget? • Trengs det meir prøvetaking etterforsking? • Kva slags tiltak er allerede satt i gang av 1. linje – kven har blitt varsla.	Veterinær
Ytterlegare strakstiltak	Ved risiko for massedød og tilfelle med større mengder dødfisk skal ensilasjekapasitet vurderast og mottakar av ensilasje kontaktast for å bidra til økt ensilasjekapasitet.	Produksjonsleiar
Varsle dagleg leiar	Produksjonsleiar varslar dagleg leiar om situasjonen	Produksjonsleiar
Dialog med myndigheiter	Varsle mattilsynet via e-post. Oppfølging av myndigheiter i medhald til « <i>Prosedyre for avvikshandtering innan fiskehelse og -velferd</i> ».	Produksjonsleiar
Loggføring / Rapportering	Loggføre alle observasjonar, tiltak, statusmøter, kven som er varsla.	Veterinær

Beredskap ved brann

Tiltak Første linje		
	Aksjonar	Ansvarleg
Varsle	Den som oppdagar brann varslar brannvesen 110	Person som oppdagar brann
Redde	Forsøk å redde personar som er i fare utan å setja eige liv eller helse i fare	Person som oppdagar brann
Slukke	Forsøk å slukke brannen med tilgjengelege midlar utan å setja eige liv eller helse i fare	Person som oppdagar brann
Stenge	Steng dører og vindauge i bygning	Person som oppdagar brann
Evakuer	Evakuer bygg	Person som oppdagar brann
Meld frå	Meld frå til produksjonsleiar eller kvalitetsleiar om situasjonen	Person som oppdagar brann

Tiltak andre linje		
	Aksjonar	Ansvarleg
Kvalitetssikre førstelinje-handtering.	Verifiser at tilstrekkelege tiltak er iverksett.	Produksjonsleiar/kvalitetsleiar
Vurdere ressursar	Produksjonsleiar vurderer behov for å tilkalle fleire ressursar	Produksjonsleiar
Avklare kva som har skjedd	- Halde kontakt med brannvesen - Kva har skjedd – samle informasjon frå dei involverte. - Årsak til hending? Kva er omfanget, kva er potensialet i omfanget?	Kvalitetsleiar
Varsle dagleg leiar	Produksjonsleiar varslar dagleg leiar om situasjonen	Produksjonsleiar
Loggføring / rapportering	Loggføre alle observasjonar, tiltak, statusmøter, kven som er varsla.	Produksjonsleiar / kvalitetsleiar

Aksjonsplanar for interne hendingar

TILTAKSKORT FOR PERSONSKADE

FØRSTEHJELP, UNDERSØK:



Huskeregel: BLÅST

1. **B**evissthet, hvis flere skadede, hjelp de minst bevisste først
2. **L**uftveier, sørg for frie luftveier
3. **Å**ndedrett, om pasienten ikke puster normalt innen 10 sekunder, start umiddelbart med **HLR**. Få nokon til å hente **hjartestartaren!**
4. **S**irkulasjon av blod, stopp alle pågående synlige blødninger
5. **T**emperatur, beskytt pasienten mot nedkjøling

Snakk med pasienten, hold pasienten rolig og gjenta BLÅST.

Tilkall hjelp, ring nødnummer 113

HLR – Hjerte Lunge Redning

1. 30 taktfaste brystkompresjoner midt i brystkassen mellom brystene, tempo er 100 kompresjoner pr. minutt.
2. 2 innblåsing. Hold for nesen til pasienten. Blås til brystkassen hever seg. Kvart blås tar ca. 1 sekund.
3. Gjenta kompresjoner og innblåsing (30:2) til medisinsk personale er på stedet og sier du kan stoppe.

VIKTIG

- Husk egen sikkerheit!
- En hjertestarter bør alltid kobles til en person som mottar HLR eller dersom man er i tvil om personen har hjertestans
- Om nødvendig, flytt pasienten til trygt område på en så skånsom og rask måte som mulig.
- Overvåk pasientens puls og temperatur kontinuerlig, snakk med pasienten
- Noter ned alle detaljer om pasientens helsetilstand
- Se de under overskriften «Vurdering av pasienten» for tips.

MEDISINSK NØDNUMMER 113**Når 113 skal varslast**

- Ved alvorlig sykdom eller skade – fokus på truet pust, blodsirkulasjon eller redusert bevissthet som tegn på alvorlig tilstand
- Ved tvil om at tilstanden er alvorlig eller kan bli det

Informasjon som må gis ved varsling av 113

- Eige namn
- Adresse/kommune/posisjon
(Om du ringer via Hjelp 113-appen vil de allerede ha posisjonen din)
- Telefonnummeret en ringer frå
- Kort og klar framstilling av problemet:
 - Namn på pasienten
 - Alder på pasienten
 - Kva har skjedd/situasjon
 - Om pasienten er våken og i stand til å snakke
 - Mistanke om akutt livstruende sykdom/skade/alvorlig ulykke

Pasientens puste-utvikling:

Klokkeslett						
Pust						

*Normal pust – Respirasjonsfrekvensen for en voksen person i hvile vil vanligvis være i området **12–16 per minutt**, mens et spedbarn har en høyere respirasjonsfrekvens som ligger på 30-60 per minutt.*

Pasientens puls-utvikling:

Klokkeslett						
Puls						

*Normal puls – Pulsfrekvensen i hvile (hvilepuls) er hos friske voksne **50–80 slag per minutt**, hos barn 90–100 slag per minutt og hos spedbarn 130–150 slag per minutt.*

Andre nyttige notat:

VURDERING AV PASIENTEN	
Luftveier (A-airways)	Hovudsymptom på ufri luftveg • Fullstendig blokkering: Luft passerer ikke inn og ut av pasientens munn når en kjenner og hører etter pust. Brystet kan bevege seg uten at luft kommer inn eller ut. • Delvis blokkering: Ulyder som snorking, gurgling eller hvesing. Gjerne sammen med anstrengt pusting. Hovudårsakene til ufri luftveg • Redusert bevissthet og bevisstløyse • Oppkast, blod eller slim i luftveien • Framandlegeme • Luftvegskade
Pust (B-breathing)	Hovudsymptom på nedsett pusteevne • Nedsatt bevissthet tyder på oksygenmangel i hjernen • Anstrengt, rask og overflatisk pust • Pasienten verkar utmatta • Pasienten klarer ikke å snakke sammenhengende • Hudfargen kan være blek eller blålig Ytre tegn til skade på brystkassen • Synlege sår • Misfarging av hud • Deformert brystkasse • Asymmetrisk pustebevegelse
Blodsirkulasjon (C-circulation)	Hovudsymptom på sirkulasjonssvikt • Bleik, kald og klam hud • Redusert bevissthet eller bevisstløshet som tegn på dårlig blodsirkulasjon til hjernen • Rask pust • Rask puls
Funksjonsnivå/Hovud, nakke og rygg (D-disability)	Hovudsymptom på hovudskade • Redusert bevissthet eller bevisstløyse • Pasienten ble bevisstløs og våknet igjen • Pasienten ble bevisstløs, våknet og ble bevisstløs igjen • Hovudpine • Trøttheit og forvirring • Lysskyheit • Kvalme og brekninger
Funksjonsnivå/Hovud, nakke og rygg (D-disability)	Gradering av bevissthet

	• <i>Våken</i>: Våkne personer gir kontakt, følger omgivelsene med blikket og svarer greit på spørsmål • <i>Vekkbare</i>: Vekkbare personer kan du få kontakt med ved å snakke til dem, riste dem eller smertestimulere. Dersom de svarer på spørsmål er de mer forvirret og ordknappe enn den våkne pasienten • <i>Ikke vekkbare</i>: Gir ikke kontakt ved tilsnakk, risting eller smertestimulering Hovudsymptom på nakke og ryggskade • Smerter og ømhet i området som er skadet • Lammelser eller nedsatt kraft i armer eller ben • Nedsatt følelse eller følelsesløshet i armer eller ben Manuell stabilisering av nakken • Manuell stabilisering kan benyttes i situasjoner hvor nakken kan være skadet. En tar tak i hodet på begge sider og beveger hodet forsiktig til nøytral posisjon. Hodet holdes stabilt uten drag i hodet, bare tilstrekkelig til at vekten av hodet avlastes fra nakken. Hodet skal ikke beveges til nøytral posisjon • Ved motstand mot bevegelsen • Økte smerter • Bevegelsen utløser eller forverrer redusert kraft, bevegelighet eller følelse i armer eller ben • Det oppstår problemer med luftveier eller pust
Hypotermi, varmetap	Kroppen taper varme ved • Ledningstap til underlaget • Strømningstap i form av vind eller bølger • Fordampning av væske fra huden/våte klær • Stråling til omgivelsene Hovudsymptom på generell nedkjøling • Moderat nedkjøling: Skjelvinger og kuldefølelse. Eventuelt økt aktivitet for å holde varmen. Etter hvert muskelstivhet, avtagende skjelvinger, blek hud, hodepine, forvirring og apati • Alvorlig nedkjøling: I starten redusert vurderingsevne og manglende følelse av kulde. Redusert bevissthet og bevisstløshet ved videre nedkjøling. Iskald hud. Langsom puls. Overflatisk og langsom pust. Muskelstivhet.

TILTAKSKORT FOR BRANN

UMIDDELBARE TILTAK



- **Varsle** om brann! Trykk inn melder om brannalarmen ikke er utløst.
- Vurder **egen sikkerhet**. Ikke ta unødige risiko.
- Forsøk først å **slukke** brannen og begrense spredning.
- Bruk egne **verneutstyr**.
- Hjelp til med å **evakuere** personar og eventuelle skadde.
- Er brannen ute av kontroll, ta raskaste veg ut og **registrer deg** på møteplassen.

Bistå brannvesen i hjelp med informasjon om brannobjektet og sløkkingsarbeid

BRANN I BYGNING/ TEKNISK INSTALLASJON

1. Steng av eventuell gasstilførsel
2. Om mulig, steng porter, dører og vinduer
3. Stans eventuelle frisklufts vifter, ventilasjonsanlegg, etc.
4. Stans eventuell innpumping av fisk (pumpeflåte)
5. Tilrettelegg for brannvesen med slangeutlegg frå brannkummar

BRANN I ELEKTRISK ANLEGG/ -TAVLE

1. Benytt CO₂ slukkeapparat på mindre branner
2. **IKKE bruk vann til slukking!**

PERSON MED BRANNSKADE

Symptom:

- Rødfarget hud
- Hud med væskefylte blærer
- Forbrent/forkullet hud
- Smerter
- Hovne slimhinner i munn og svelg
- Mulig blokkering av luftveier
- Svidde nesehår, sot i nase/munn
- Brannskadar i ansiktet hud

Tiltak:

- Avkjøling så raskt som mulig
- Fortsett behandlingen til pasienten er smertefri, minst 20-30 minutter
- Ikkje fjern fastbrente kler
- Dekk til sår med sterile bandasjer/kompressar
- La pasienten ligge med hevet overkropp

TILTAKSORT FOR FALL PÅ SJØEN

UMIDDELBARE TILTAK



- **Varsle** om hendelsen! Rop etter hjelp!
- Kast ut redningsbøye
- Hold øye med personen hele tiden
- Forsøk å få løftet personen ut av vannet i horisontalt leie (liggende)
- Ikke sett ditt eget liv i fare ved å forsøke å redde en annen person.

STERKT NEDKJØLT PERSON (VÅKEN)

- Ta av vått tøy og skift til tørre og varme kler, evt. varme ullteppe
- Søk ly for nedbør og vind
- Drikk varm, gjerne sukkerholdig drikke

BEVISSTLØS PERSON SOM PUSTER OG HAR PULS

